



Til medlemmene i Kommunalt foreldreutval i Time kommune

Referat frå møte 29.10.2025

Til stade: Øystein Susort (Lye skule), Kristian Hognestad (Hognestad skule), Jon Harald Ødegård Egeland (Undheim skule), Astrid Stangeland (Rosseland skule), Magda Line (Bryne skule), Dorthé Bekkeheien Hovland (BUS) Hanne Thu Kure (VUS), Stein Erik Heskestad (FUS) Bjørghild Underhaug (Utval for levekår) Rannveig Undheim (Utval for levekår) Elsa Djuve Jerstad (Time kommune)

Meldt fråfall: Nina Holen (LUS)

Ikkje møtt: Frøyland skule

1. [Smarttelefonfri Barndom](#), deling av erfaringar:

Lye skule: Har hatt det i Fau, innspel frå elevrådet, opplever at mange føresette er positive til initiativet, vil konkludera på neste møte i Fau og forplikta føresette. Dette gjeld for 1. klasse, vil ikkje blanda inn eldre elevar. Mål og at det startar opp kvart år på 1. klasse. Fau ved Lye skule ønsker at lærarane skal sleppa å bruka kreftene på dette.

Rosseland skule: Fau har konkludert med at dei ønsker det. Har anbefalt til føresette.

Bryne skule: Har hatt dette i Fau og ønsker å gjera vedtak i Fau.

Frøyland U: Dette er det viktigaste me kan gjera for barna våre nå. Støttar initiativet.

Andre innspel: dette er ein viktig signaleffekt og kan hjelpa føresette som ikkje orkar å stå i det. «Dum telefon/snill telefon» er ei veldig god løysing for dei yngste.

2. Delerunde, praksis for Cøliaki ved skulane

Medlemmene i Fau har inntrykk av at det er gode rutinar for dette ved alle skulane. Det er viktig med kartlegging og informasjon frå føresette om allergiar, og skulane legg til rette for det som er dokumentert.

3. Laget rundt læraren og eleven – korleis jobbar me tverrfagleg i Timeskulen?

Skulesjef hadde gjennomgang av målsetjing og korleis laga jobbar på alle skulane.

Alle skular har Laget rundt læraren og eleven som jobbar på systemnivå og på individnivå.

Medlemmane i KFU opplever at Timeskulen jobbar godt med tverrfagleg innsats og deling av kompetanse på tvers av tenestene.

Me såg oversikt over gjennomføringsgraden i vidaregåande opplæring, og den er på 91,3 % for Timeungdommane som starta i vidaregåande opplæring i 2018. Snittet for Rogaland er 85%. I Strategiplan oppvekst 2023-2029, er målet at 9 av 10 ungdommar i Time fullfører og består vidaregåande opplæring.

Talet på enkeltvedtak om individuell tilrettelagt opplæring har også gått ned i Timeskulen.

Målet er at alle barn i Time blir sett, høyrte og inkludert og det er gitt føringar i opplæringslova om at ein skal leggja til rette for alle i fellesskapet.

Medlemmene i KFU er opptekne av at det ikkje vert redusert ressursar til OSR (Operativ sosialfagleg ressursperson), slik det blei i sist omstillingsrunde.

4. Delerunde, gode tips og tiltak frå skulane.

Bryne skule: foreldremøta med Sterk og klar er veldig gode og ein ressurs for føresette.

Lye skule: elevane er aktive i Fau og SU, ønsker seg eit busskur. Innspel til kor Fau kan søka midlar til dette.

Hognestad: viktig å engasjera nærmiljøet, ha arrangement der heile nærmiljøet kan vera med
Tips til temamøte for føresette: foredrag Spider Web, tema hjerneforskning, engasjera Laget
rundt læraren og eleven om ulike tema, politikontakten.

Kommunalt foreldreutval meiner det er viktig at medlemmene i Fau på skulane snakkar opp
skulen, lærarane, elevane og det arbeidet som blir gjort. Dette betyr mykje for skulane og til
sjuande og sist elevane.

5. Anna

Ingen saker her, det kom ikkje innspel til saker til neste møte som skal vera 3. desember
2025 kl. 18-20.

Elsa Djuve Jerstad og Dorthe Bekkeheien Hovland, referentar